

Oppsummering frå hyttemøtet 05.10.19:

Tilstade: ca. 10 hyttegolingar

Innleiarar:

Ordførar Heidi Granli – Velkommen, fakta om hyttegolinga, aktivitetar og tenester for hyttegolinga og oppfordringar

Gol kommune, avd. Samfunn og utvikling v/Svein Eide kommunalsjef og Sander Lilleslett medarbeidar – Revidering av kommuneplan, arbeidet med nytt renovasjonspunkt på Golsfjellet og stadsutviklingsprosjektet.

Hallingdal Renovasjon v/Torgeir Vestenfor – Informasjon om renovasjonsselskapet i Hallingdal og informasjon om kommunale renovasjonsløyisingar i Gol og på Golsfjellet

Visit Gol v/Helge Svarstad – Informasjon om destinasjonsselskapet, turistkontorets arbeid og aktivitetar

Gol Utmarkslag v/ Svein Solhjell – Informasjon om arbeidet med løyper sumar og vinter samt samarbeidet på Golsfjellet, Nystølsfjellet og Søråsen.

Innspel frå hyttegolingane:

- Eiendomsskatt – spørsmål rundt takst av ligning, tomt eller bygd kvadrat?
- Nokon meiner at det er uinteressant på hyttemøtet med informasjon om tiltak og utvikling i kommunen fordi dei kun bruker hytta og matbutikken lokalt, medan andre syns det er viktig å høyre om dette fordi dei meiner det kjem også dei som hyttegolingar til gode.
- Forventningar om å legge ut informasjon om kommuneplan-prosessen under fana «hyttegoling» på kommunens heimesider
- Spørsmål om bomplasseringa ift nytt renovasjonspunkt ved Storefjell-krysset
- Innspel til Stadutviklingsprosjektet – interessant, men skepsis ift bilfrie soner
- Forventning om betre informasjon om hyttemøte. Sjå på abonnementløyising på heimesida, samarbeide med Storefjell ift utsending av kart og ha arrangementet der kom som innspel
- Tips til gode renovasjonsløyisingar, sjå til Sjusjøen og Skei som har bom-ordning med brikke

Innspela bli tekne vidare til relevante aktørar.

Takk for møtet!